



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	19.08.2025
Møtetid:	09:00 - -14.00
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Hege Ramsland	medlem	H	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Silje Hopland Iversen	sekretær
Asbjørn Nagell Toft	plansjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 65/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 66/2025	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 67/2025	Referatsaker	
RS 18/2025	Protokoll frå styremøte 21.03.2025 - IUA Bergen region KO	
RS 19/2025	Protokoll fra styremøte 10. juni 2025 - IUA Bergen region KO	
RS 20/2025	Protokoll 2-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 6. juni	
RS 21/2025	Protokoll frå representantskapsmøte IKTNH - 16.05.2025	
RS 22/2025	Vestlandsrevisjon IKS - Møteutskrift representantskap 20.6.2025	
RS 23/2025	Referat frå politiråd i Austrheim 12.05.25	
RS 24/2025	Rettslege rammer for innbyggerpanel etter kommunelova	
RS 25/2025	Stoppestadnamn i kommunane Bergen, Stryn og Austrheim – endringar vedtekne i fylkeskommunen i januar 2025	
RS 26/2025	Gjeldsrapport juli 2025	
RS 27/2025	Rundskriv H-2/25 - Kommuneproposisjonen 2026 og Revidert nasjonalbudsjett 2025	
RS 28/2025	Vedtak om godkjenning av registrering som stiftelse i stiftelsesregisteret - Mongstadbadet, org nr 935 927 331	
PS 68/2025	Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 03.06.2025 - 11.08.2025	
PS 69/2025	Klagehandsaming Garasje gbnr. 157/60 - Buholmen	
OS 7/2025	Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 19. august 2025	

OS 8/2025	Orientering - arbeidet med å henta inn meir til utlån som startlån
OS 9/2025	Orienteringssak - Oversikt godtgjering til dei folkevalde
PS 70/2025	Uttale til "Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot nedbygging av myr"
PS 71/2025	Rekneskap juli 2025
PS 72/2025	Låneopptak investering
PS 73/2025	Re-taksering av grunnlag for eigedomskatt
PS 74/2025	Skulerute for skuleåret 2025-2026

PS 65/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 65/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 65/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 19.08.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 66/2025 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent

Sak 66/2025 Godkjenning av møteprotokoll

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 66/2025 Godkjenning av møteprotokoll

Formannskapet - 19.08.2025

Møteprotokollen frå sist møte vart godkjent.

PS 67/2025 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek referatsakene til vitande.

Sak 67/2025 Referatsaker

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 67/2025 Referatsaker

Formannskapet - 19.08.2025

Formannskapet tek referatsakene til vitande.

RS 18/2025 Protokoll frå styremøte 21.03.2025 - IUA Bergen region
KO

RS 19/2025 Protokoll fra styremøte 10. juni 2025 - IUA Bergen region
KO

RS 20/2025 Protokoll 2-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 6. juni

RS 21/2025 Protokoll frå representantskapsmøte IKTNH - 16.05.2025

RS 22/2025 Vestlandsrevisjon IKS - Møteutskrift representantskap
20.6.2025

RS 23/2025 Referat frå politiråd i Austrheim 12.05.25

RS 24/2025 Rettslege rammer for innbyggerpanel etter kommunelova

RS 25/2025 Stoppestadnamn i kommunane Bergen, Stryn og
Austrheim – endringar vedtekne i fylkeskommunen i januar 2025

RS 26/2025 Gjeldsrapport juli 2025

RS 27/2025 Rundskriv H-2/25 - Kommuneproposisjonen 2026 og
Revidert nasjonalbudsjett 2025

RS 28/2025 Vedtak om godkjenning av registrering som stiftelse i
stiftelsesregisteret - Mongstadbadet, org nr 935 927 331

PS 68/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato
03.06.2025 - 11.08.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

Sak 68/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 03.06.2025 - 11.08.2025
Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om dei delegerte vedtaka, jamfør sakspapira.

Bjørn-Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om grunnlaget for å godkjenna på delegert mynde to hytter i Åråsvågen, det det er godkjent bygd funkisstil i eit felt med meir tradisjonelle bygg. Plansjef Asbjørn Toft sa at dersom formannskapet meiner at dette er eit spesielt spørsmål, kan ein be om å få slike saker opp i formannskapet til avgjerd. Kan også ta reguleringsplanen opp til vurdering. Elles er det slik at hytter i dette området skal godkjennast som bustader, med dagens krav, sidan feltet er regulert til bustad.

Dyrkolbotn (Sp) viste til at det i reguleringsplanen står at det skal vera valma tak med minst 22 grader, men at administrasjonen kan gjera unntak, og det er gjort her. Ber om at det vert stramma inn.

Per Lerøy (Ap) ba om retting av namn for delegert vedtak 107/2025 "Innvilga konsesjon på overtaking av gbnr. 156/9 og 88 Lerøy i Austrheim kommune". Det rette namnet er "Austrheim i Austrheim kommune".

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 68/2025 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 03.06.2025 - 11.08.2025
Formannskapet - 19.08.2025

Formannskapet tok dei delegerte vedtaka til vitande.

PS 69/2025 Klagehandsaming Garasje gbnr. 157/60 - Buholmen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9

Sak 69/2025 Klagehandsaming Garasje gbnr. 157/60 - Buholmen

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Det var synfaring i denne saka. Til stades på synfaringa var formannskapet, frå administrasjonen plansjef Asbjørn Toft og konstituert kommunedirektør Trine Merete Jansen, partane Ruben Johnsen (157/60) og Anette Bergsvik (157/81), samt Hogne Larsen.

Per Lerøy (Ap) spurte om det at naboane på 157/81 måtte gjera ei endring på reguleringsplanen for å bygga, det måtte ikkje den andre parten på 157/60. Her svara plansjef Asbjørn Toft at den saka på 157/81 gjaldt ein garasje som var bygd utanfor byggegrensa, og at det var større sjanse for å få denne saka godkjent ved planendring enn ved dispensasjon.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 69/2025 Klagehandsaming Garasje gbnr. 157/60 - Buholmen

Formannskapet - 19.08.2025

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9

OS 7/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 19. august 2025

Sak 7/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 19. august 2025

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Kommunedirektøren orienterer om følgjande saker:

- **Kostnader på framleige:**
 - Konstituert kommunedirektør Trine Jansen orienterte om kostnaden med innleige/framleige av bustader, der kommunen leigar inn for meir enn det som leigetakar betalar. Leiger inn bustader for 8 252 700 kroner, med utleigepris 6 106 800 kroner. I tillegg er det kostnader til straum og internett der dette er inkludert i leiga, slik at kommunen har minus på 2 483 916 kroner for husleige, og i alt 206 993 kroner i straum og internett.
 - No blir det sendt varsel til leigetakar om auke i husleige. Vil gje desse moglegheit til å få bustøtte (som er statleg), og straumstøtte (som kommunen ikkje får). Dei folkevalde må vera budde på at denne saka kan skapa press. Kan risikera at det gjev auka sosialkostnader, men kan uansett ikkje halda fram på denne måten.
 - Sender ut brev om at kostnadene vil auka, men har ikkje sett på dei konkrete tala, og må sjå på kor raskt ein skal ta ein auke. Det er krav om 6 månaders varsel for å auka leigeprisen, så det er varselet som blir sendt ut no.
 - Formannskapet diskuterte saka, støtta at prisane vart auka for å sikra at dei som bur der heller kan krevja bustøtte/straumstøtte enn å leiga rimeleg frå kommunen. Formannskapet vektla at det viktig med god informasjon ut til leigetakarane.
- **Økonomistatus**
 - Odd Harald Dommersnes orienterte om økonomistatus, herunder gjeldsrapportane (dokumenta ligg under referatsaker).
- **Oppfølging av kuttvedtaket i kommunestyret 19. juni 2025:**

- Konstituert kommunedirektør Trine Jansen orienterte om at det vert jobba i einingane med oppfølging.
- Fritidskontakt
 - Konstituert kommunedirektør Trine Jansen orienterte om at omfanget av denne tenesta har auka. Må sjå til at tilbodet vert laga slik at alle får eit tilbod og at ikkje enkelte har mykje medan andre ikkje har noko. Vil gå ut informasjon om at det vert lagt opp til eit maksimalt timetal for dei som får dette tilbodet. I neste omgang vil ein sjå nærare på dei som har eit tilbod om fritidskontakt, kombinert med tilbod om avlasting. Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy supplerte med at når ein har sett på tilbodet om fritidskontakt som vert gitt i andre kommunar, så ligg Austrheim litt over. Må setta nokre rammer for kor stort tilbodet om fritidskontakt skal vera.
- Status investeringar:
 - Per Lerøy (Ap) spurte om det er vedteke investeringar som skal gå til vatn til Førland. Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes svara at det er vedteke ei ramme på 15 millionar til VA i 2025, men det er ikkje spesifisert til kva prosjekt innan VA. Lerøy viste til at det er løyvd 1,9 millionar frå Vestland fylkeskommune til trafikksikringsdelen av prosjektet med VA til Førland, og spurte om det er mogleg å få meir. Plansjef Asbjørn Toft sa at det er mogleg å be om meir midlar frå fylket, her svara formannskapet at det støttar dei
 - Morten Sognnes (H) ba om at det vert lagt fram ei orienteringssak til kommunestyret om dette prosjektet med trafikksikring/vatn til Førland, det svara konstituert kommunedirektør Trine Merete Jansen at kommunestyret skal få.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 7/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 19. august 2025

Formannskapet - 19.08.2025

Formannskapet tok orienteringane til vitande.

OS 8/2025 Orientering - arbeidet med å henta inn meir til utlån som startlån

Sak 8/2025 Orientering - arbeidet med å henta inn meir til utlån som startlån
Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 8/2025 Orientering - arbeidet med å henta inn meir til utlån som startlån
Formannskapet - 19.08.2025

Formannskap/kommunestyre tar orienteringa til vitande.

OS 9/2025 Orienteringssak - Oversikt godtgjering til dei folkevalde

Sak 9/2025 Orienteringssak - Oversikt godtgjering til dei folkevalde
Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Formannskapet diskuterte satsane, det var semje om at det ikkje er aktuelt å gjera endringar på dette no. Låg etter på satsane før arbeidet med auke vart sett i gang.

Morten Sognnes (H) sa at ein har sagt at ein skal ta opp levekårsutvalet til evaluering, det kan skje anten no eller på slutten av perioden.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 9/2025 Orienteringssak - Oversikt godtgjering til dei folkevalde

Formannskapet - 19.08.2025

Formannskap/kommunestyre tar orienteringa til vitande.

PS 70/2025 Uttale til "Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot nedbygging av myr"

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Uttale

Austrheim kommune meiner at dette lovforslaget er veldig alvorleg for både Austrheim kommune og Alver kommune, men og for regionen Nordhordland og næringslivet i Mongstad-området, om konsekvenser av dette lovforslaget vert at eit forbod mot nedbygging av myr i industri- og næringsområde får verknad for reguleringsplanar vedtatt før forbodet trer i kraft.

Austrheim kommune meiner at godkjente regulerte område til industri og næring må vera unnateke for dette lovforslaget.

Austrheim kommune meiner at eit alternativt lovforslag er at godkjente regulerte industri- og næringsområde, men og uregulerte industri- og næringsområde som er med i eksisterande kommuneplanar i Mongstad-området (som er eit nasjonalt viktig område for vår beredskap og petroleumsindustri) vert unnateke i dette lovforslaget. Dette må gjelde både i Austrheim og Alver kommune.

Sak 70/2025 Uttale til "Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot

nedbygging av myr"

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Toft sa at det er må vera aktuelt å komma med ein uttale frå regionen.

Per Lerøy (Ap) viste til at det vert jobba med utvikling av ny industri på området Storemyra mellom Mongstad Base og Equinor sitt raffineri. Lerøy tok til orde for ein meir kraftfull uttale, og at ein tar inn ulike framlegg til avbøtande tiltak dersom ein fjernar myr. Desse

avbøtande tiltaka må skildrast, slik at det går klart fram for dei som skal vedta dette, og som eventuelt kan stilla krav om avbøtande tiltak. Lerøy oppmoda til å etablera ei gruppe som kan jobba med ein uttale, gjerne i samarbeid med andre kommunar/regionrådet.

Plansjef Asbjørn Toft støtta Lerøy i at dette bør vera eit regionalt arbeid, men at det gjerne bør gjerast regionalt. Viktig med innspel frå alle kommunane, særleg Gulen og Alver, men også eit felles innspel frå regionen.

Lerøy (Ap) viste til at det er fleire som har interesse her, kommunane, regionen, næringsselskap/næringslaget, grunneigarselskap, som alle kan få konsekvensar av ei slik endring av lova. Oppmoda til at Regionrådet tar føringa på dette arbeidet.

Morten Sognnes (H) sa at ein må ta kontakt med regionrådet for å be om at dei set ned ei gruppe og følgja opp dette.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 70/2025 Uttale til "Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot nedbygging av myr"

Formannskapet - 19.08.2025

Uttale frå Austrheim kommune:

Austrheim kommune meiner at dette lovforslaget er veldig alvorleg for både Austrheim kommune og Alver kommune, men og for regionen Nordhordland og næringslivet i Mongstad-området, om konsekvenser av dette lovforslaget vert at eit forbod mot nedbygging av myr i industri- og næringsområde får verknad for reguleringsplanar vedtatt før forbodet trer i kraft.

Austrheim kommune meiner at godkjente regulerte område til industri og næring må vera unnateke for dette lovforslaget.

Austrheim kommune meiner at eit alternativt lovforslag er at godkjente regulerte industri- og næringsområde, men og uregulerte industri- og næringsområde som er med i eksisterande kommuneplanar i Mongstad-området (som er eit nasjonalt viktig område for vår beredskap og petroleumsindustri) vert unnateke i dette lovforslaget. Dette må gjelde både i Austrheim og Alver kommune.

Austrheim sender sitt vedtak som orientering til nabokommunane Alver og Gulen, samt til Regionrådet med oppmoding til å etablera ei arbeidsgruppe, som kan utarbeida eit høyringssvar på vegner av regionen, både kommunar, næringsinteresser og grunneigarar

PS 71/2025 Rekneskap juli 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet tar økonomirapporten for juli til vitende.
2. Formannskapet ber om at eininger som har negative avvik mellom revidert budsjett og regnskapet iverksett tiltak for å oppnå balanse.

Sak 71/2025 Rekneskap juli 2025

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 71/2025 Rekneskap juli 2025

Formannskapet - 19.08.2025

1. Formannskapet tar økonomirapporten for juli til vitande.
2. Formannskapet ber om at eininger som har negative avvik mellom revidert budsjett og regnskapet iverksett tiltak for å oppnå balanse.

PS 72/2025 Låneopptak investering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannsskapet vedtek eit låneopptak på 20 millionar til å finansierte investeringar som er gjort i 2024 og 2025.

Sak 72/2025 Låneopptak investering

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 72/2025 Låneopptak investering

Formannskapet - 19.08.2025

Formannsskapet vedtek eit låneopptak på 20 millionar til å finansierte investeringar som er gjort i 2024 og 2025.

PS 73/2025 Re-taksering av grunnlag for eigedomsskatt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Austrheim kommune gjennomfører re-taksering av næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. Eigedomsskattelova § 3 første ledd, bokstav D, i løpet av 2026.
- Estimert kostnad kr 300 000 vert dekkja inn over driftsbudsjettet for 2026.
- Nye takstar vert lagt til grunn for utskriving av eigedomsskatt med verknad frå og med skatteåret 2027.

Sak 73/2025 Re-taksering av grunnlag for eigedomsskatt

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Viste til at dette vedtaket seier at ein opprettheld eigedomsskatten, men ikkje innfører eigedomsskatt på hus og hytter.
- Dei som er med i eigedomsskattenemnda og klagenemnd for eigedomsskatt må rekna med at det er ein del arbeid i nemndene i 2026, i samband med retakseringa av verk og bruk.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 73/2025 Re-taksering av grunnlag for eigedomsskatt

Formannskapet - 19.08.2025

- Austrheim kommune gjennomfører re-taksering av næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. Eigedomsskattelova § 3 første ledd, bokstav D, i løpet av 2026.
- Estimert kostnad kr 300 000 vert dekkja inn over driftsbudsjettet for 2026.
- Nye takstar vert lagt til grunn for utskriving av eigedomsskatt med verknad frå og med skatteåret 2027.

PS 74/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2025- 2026 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

Sak 74/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026

Formannskapet - 19.08.2025

Handsaming:

Konstituert kommunedirektør Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Saka handlar om ei stadfesting av det framlegget som er utarbeidd av administrasjonen.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 74/2025 Skulerute for skuleåret 2025-2026

Formannskapet - 19.08.2025

Forskrifta om barnehage- og skuleruta for 2025- 2026 for Austrheim kommune vert vedtatt slik den ligg føre.